



# Felles avfallsplan for kommunale hamner i Meland kommune

Planen er forankra i «forskrift om avgrensing av forureining (forureiningsforskrifta) kapittel 20 (FOR-2004-06-01-931) som handlar om levering og mottak av avfall og lasterestar frå skip. Alle kommunar har etter forskrifta ei plikt til å utarbeide ein felles avfallsplan for hamner i eigen kommune, både private og kommunale, som hovudsakleg mottar hushaldsavfall (heretter kala småbåthamner), jf. forureiningsforskrifta § 20-6.

Føremålet med avfallsplanen er å verne det ytre miljø ved å sikre etablering og drift av tilfredsstillande mottaksordningar for avfall frå småbåtar / lystbåtar, og å sjå til at avfall frå desse blir levert til mottaksordning i hamnene. Planen omfattar avfall som har oppstått om bord i båten. Forskrifta sine definisjonar for ord og uttrykk er brukt i denne planen.

Hamneansvarleg i kommunen følgjer opp planen.

Denne avfallsplanen omfattar kommunale hamnar. Dei kommunale kaiene er berre i sporadisk bruk av båtturistar. Unntaket er Frekhaug kai som vert brukt som hurtigbåtkai.

Hamnene er vist på kart på <https://www.nordhordlandskart.no/1263> - velg Kartlag/Friluftsliv/Gjestehamner.

## Planen omfattar følgjande hamner

Namn	Type	GBNR	Hamneansvarleg
Frekhaug kai	Kommunal kai/hurtigbåt kai	23/2	Meland kommune v/Paal Tonning
Io kai	Kommunal kai	49/152	Meland kommune v/Paal Tonning
Vikebø kai	Kommunal kai	45/173	Meland kommune v/Paal Tonning
Kårbø kai	Kommunal kai	52/71	Meland kommune v/Paal Tonning

Tema	Frekhaug kai	Andre kommunale kaiar
<b>Hamna si storleik og aktivitetsnivå.</b>	Hurtigbåtkai. I bruk kvar verkedag på morgon og ettermiddag	Sporadisk bruk av båtturistar
<b>Skildring av gebyrsystem</b>	Kommunen tek ikkje gebyr for bruk av hamna	Kommunen tek ikkje gebyr for bruk av hamna
<b>Vurdering av behovet for mottaksanlegg i hamna</b>	Kaia har venteskur for passasjerar. Her er det behov for at reisande kan kaste avfall. Det er ikkje behov for mottaksanlegg for hurtigbåten ettersom hurtigbåten kun sett av og	Kaiene er offentleg tilgjengeleg, men har ikkje ein utbygd infrastruktur med flytebrygger etc. Kaiene vert brukt sporadisk – typisk av hyttefolk. Vert vurdert at det ikkje er behov for



	plukkar opp passasjerar.	mottaksanlegg. Båtturistar kan ta med avfallet heim. Brukarar av hyttene har eigne avfallsstasjonar ved hyttefelta som kan nyttast.
<b>Skildring av type mottaksanlegg og kapasitet</b>	Sjøppelspann for restavfall i venteskur. Norled som driv hurtigbåten leverar avfall andre stader.	Ingen mottaksanlegg. Brukarar av kaia tek med avfall heim eller til avfallsstasjon i tilknytning til hyttefelt i nærleiken.
<b>Typer og mengder avfall og lasterester som vert levert</b>	Små mengder restavfall frå reisande.	Ikkje mottaksordning
<b>Detaljert skildring av prosedyrene for mottak og innsamling av avfall og lasterester frå skip, inkl. skildring av leveringsprosedyrer for brukarar av hamna.</b>	Sjøppelspann i venteskur vert tømt av kommunal reinhalder	Ikkje mottaksordning
<b>Skildring av handtering av farleg avfall, jf. vedlegg III til kap. 20. Det må kome tydeleg fram i planen kva avfall som vert rekna som farlegavfall, og kor dette skal leverast/behandlast.</b>	Ikkje mottaksordning for farleg avfall	Ikkje mottaksordning for farleg avfall
<b>Skildre korleis avfallet og lasterestene frå skip skal handterast vidare</b>	Ikkje mottaksordning for lasterester	Ikkje mottaksordning for lasterester
<b>Involvering av brukarar og andre rørte parter i utarbeidinga av planen, jf. § 20-6.</b>	Vurdert at det ikkje er nødvendig å involvere berørte parter.	Vurdert at det ikkje er nødvendig å involvere berørte parter.
<b>Prosedyrer for handtering av melding om utilstrekkelege mottaksanlegg.</b>	Kan melde frå til Meland kommune via heimesida: <a href="https://www.meland.kommune.no/innhald/veg-vatn-avlop-og-boss/melde-feil/">https://www.meland.kommune.no/innhald/veg-vatn-avlop-og-boss/melde-feil/</a> eller bruk skjema i vedlegg 1 og som kan sendast til: <a href="mailto:postmottak@meland.kommune.no">postmottak@meland.kommune.no</a>	Kan melde frå til Meland kommune via heimesida: <a href="https://www.meland.kommune.no/innhald/veg-vatn-avlop-og-boss/melde-feil/">https://www.meland.kommune.no/innhald/veg-vatn-avlop-og-boss/melde-feil/</a> eller bruk skjema i vedlegg 1 og som kan sendast til: <a href="mailto:postmottak@meland.kommune.no">postmottak@meland.kommune.no</a>



<b>Prosedyrer for løpande samråd med hamnebrukere, avfallshåndterarar terminaloperatørar og andre rørte parter</b>	Ikkje utarbeidd prosedyrar	Ikkje utarbeidd prosedyrar
<b>Informasjon om korleis opplysningar om avfallsmottaking vert stilt til rådighet for alle brukarar av hamna.</b>	Bør vurdere skilting	Bør vurdere skilting

### Samandrag av relevant regelverk

#### Forureiningsforskrifta.

Forskrift om avgrensing av forureining (forureiningsforskrifta) kapittel 20 (FOR-2004-06-01-931) forskrift om mottak av avfall og lasterestar frå skip. Forskrifta vart først vedtatt 12.10.2003, implementering av EU direktiv 2000/59/EF av 27.11.2000, endra ved direktiv 2002/84/EF.

- Alle hamner skal ha ein avfallsplan som skal utarbeidast i samråd med aktuelle parter. Planen skal godkjennast av fylkesmannen minst kvart 3.år.
- Hamneansvarleg må etablere mottaksordning i samsvar med planen.
- Båtførarar må gjere seg kjent med kva avfallsordningar som er i hamna.
- Der båtførarar meiner hamna ikkje har tilstrekkelege mottaksforhold for aktuell avfallstype, kan dette meldast til hamneansvarleg som følgjer opp dette.

Sjøfartsdirektoratet og fylkesmannen er ansvarleg mynde og fører tilsyn med at forskrifta følgjast.

I forskrifta er fleire relevante omgrep definert. Definisjonane er tatt med her for å trygge at alle parter er gjort kjent med desse.

#### Definisjonar (§ 20-3)

1. **avfall frå skip:** alle former for avfall, herunder kloakk, og andre rester enn lasterester som oppstår mens et skip er i drift, og som omfattast av vedlegga I (olje), IV (kloakk), V (søppel) og VI (utslipp til luft) til MARPOL 73/78,1 og lasterelatert avfall som definert i retningslinjene for gjennomføringa av vedlegg V til MARPOL 73/78,
2. **farlig avfall:** avfall som er å betrakte som farlig avfall i samsvar med avfallsforskrifta § 11-2,
3. **lasterester:** rester av lastematerialar i lasterom eller tankar etter at lossing og reingjering er avslutta, herunder også restmengder og søl ved lasting/lossing,
4. **skip:** alle typar sjøgåande fartøy som opererer i det marine miljø, inklusive hydrofoilibåtar, luftputefartøy, undervatnsfartøy og flytende innretningar,
5. **fritidsbåt:** all flytande innretning som er beregnet på og i stand til å bevege seg på vann, og som brukast utanfor næringsverksemd,
6. **hamn:** ein stad eller geografisk område som er utstyrt med innretningar og utstyr som gjer det muleg å motta skip, inkludert fiskefartøy og fritidsfartøy,
7. **norsk hamn:** hamn som er undergitt norsk jurisdiksjon, herunder på Svalbard og Jan Mayen,



8. **EØS-område:** i denne forskrifta skal ei tilvising til EØS-området også gjelde som ei tilvising til Svalbard og Jan Mayen,
9. **hamneansvarleg:** den som driver hamna. Der ingen driver hamna, er eiar av hamna å anse som hamneansvarleg,
10. **mottaksordning:** all innretning som er eigna til å motta avfall eller lasterester frå skip. Dette inkluderer stasjonære innretningar, så vel som flytende og mobile einingar,
11. **rutegående skip:** skip som transporterer passasjerar eller last mellom bestemte steder eller bestemte strekningar, til fastsette tider.

### Skipsavfallsdirektivet

Direktiv/2000/59/EF (skipsavfallsdirektivet) omhandlar mottaksanlegg for skipsavfall i hamner, herunder skipets plikt til å levere avfall og til å gi førehandsvarsel om avfallslevering. Direktivet har som mål å verne havmiljøet ved å redusere utslepp av skipsavfall og lasterester frå skip, gjennom å betre tilgangen til og bruken av avfallsmottak. Direktivet gjeld alle skip, uansett storleik, som nytter hamner innanfor EU-området. Tilsvarande gjeld direktivet for alle hamner som normalt tar i mot skip som omfattast av direktivet. Skip er i samsvar med direktivet definert som eit kvart sjøgående/havgående fartøy, og virkeområdet til direktivet er derfor avgrensa til hamner knytt til saltvatn.

### Avfallsforskrifta

Avfallsforskrifta kapittel 11 om farleg avfall er heimla i forureiningslova. Også at skip og hamneansvarlege må halde seg til denne. Forureiningslova ble endra med verknad frå 1. juli 2004. Etter lovendringa vert forbruksavfall frå næringslivet rekna som næringsavfall. Den som i har farleg avfall skal deklarerer mengde og type på eige deklarasjonsskjema. Deklareringsplikta gjeld berre for verksemder. Elles gjeld det plikt for alle til å handtere avfall forsvarleg.

### MARPOL

MARPOL 73/78 er ein internasjonal konvensjon om hindring av forureining frå skip, med seinare endringar som fastsett kva former for avfall som er forbode å sleppe ut i havmiljø, og som krev at det ligg føre tilstrekkeleg mottaksanlegg i hamner.

### Spesielle lover, reglar og føresegner for hamner og skip

Nedanfor er det lista opp nokre lover og forskrifter som også regulerer forholdet til avfallshandtering i hamner og på skip, utan at desse er vist i vedlegg eller omtalast nærare:

- Lov om Skipssikkerhet (skipstryggeliklova) av 16. februar 2007 nr. 9
- Forskrift om forbod mot utslipp av kloakk m.m. frå skip i vassdrag og kystnære
- områder av 12. juni 1998, nr. 663
- Forskrift om miljømessig sikkerhet for skip og flyttbare innretningar av 30. mai 2012 nr. 488
- Forskrift om avgrensing av forureining av 1. juni 2004 nr. 931 kap 21 om forbod mot forbrenning til sjøs
- Forskrift om varsling av akutt forureining eller fare for akutt forureining av 9. juli 1992 nr.1269
- Forskrift om transport av farlig last om bord på norske skip av 8. desember 2009 nr. 1481
- Eventuelle vedtekter for den enkelte hamn (må ikkje vere motstridande med krav i forureiningsforskrifta kap. 20 om levering og mottak av avfall og lasterester frå skip eller andre føresegner i lov eller forskrift)



## Vedlegg 1:

<b>Melding om utilstrekkelig mottaksordning</b>	
Hamn (Namn)	
Hamneansvarleg:	
Ev. Ansvarleg for avfallshandtering:	
Kva krav/lov/forskrift /instruks har avvik?:	
Omtal avviket:	
Framlegg til tiltak:	
Avviket oppdaga (dato):	
Skjema fylt ut av (namn):	